

Mangerfestivalen 2026

Invitasjon til Mangerfestivalen 2026

- Samspel for aspirantar
- Konkurransen for skulekorps, generasjonskorps og juniorkorps
- Solistkonkurransen
- Festkonsert med Manger Musikklag

**Laurdag 21.11.2026
i Radøyhallen**

Mangerfestivalen har som hovudmål å vere ein inspirasjons- og opplæringsfestival for skulekorps.

Det vert aspirantseminar på Manger folkehøgskule. Aspirantseminaret er eit tilbod til deltakande korps.

Konkurransen og festkonsert vert halde i Radøyhallen.

I 2026 vert det tilbod om konkurranse i følgjande klassar:

**Brass
Janitsjar
Junior
Generasjon
Solist**



Mangerfestivalen 2026

Festivalen vert som vanleg avslutta med ein flott festkonsert med Manger Musikklag.



Festivalen kostar 6000 kr pr. korps medrekna konkurransedeltaking og festkonsertbillettar. Det vil i tillegg kome ei påmeldingsavgift for korps som melder på mange aspirantar.

Informasjon kring festivalen, samt påmeldingsskjema finn de på adressa www.mangerfestivalen.no og på Facebook.

Påmeldingsfrist 20.september 2026
Arrangør/kontakt:

info@mangerfestivalen.no

Leiar for arrangementskomiteen er
Linda Frostad, tlf. 41121905

Mangerfestivalen 2026

PÅMELDING

Påmelding må sendast gjennom program.no seinast 20.september.

Skjema for påmelding finn de på Mangerfestivalen si heimeside www.mangerfestivalen.no

Meir informasjon og endeleg tidsplan for dagen kjem seinare til påmelde korps.

Det er viktig at spesielle ynskje vedrørande speletider vert lagt inn i kommentarfeltet på påmeldinga så tidleg som mogleg.

Me vil strekkje oss så langt mogleg for å ta omsyn til alle ynskjene, men det kan vere ei utfordring med dobbeltspelande musikantar og dirigentar som dirigerar fleire korps.

Om me vert gjort merksamme på det tidleg, har me dei beste føresetnadane for å få kabalen til å gå opp.

FOR KORPSA

Festivalen er tenkt som ein underhaldnings-konkurranse til inspirasjon.

Alle korps får ei skriftleg vurdering frå dommarane.

Speletid uansett klasse:

Maksimalt **15 min** pr korps.

Me vil be om at speletidene vert haldne, då det har vorte mange forseinkingar dei siste åra.

Det vert open bedømming med to dommarar. Premie/diplom til dei tre beste i kvar klasse, samt vandrepokal.

Me følg NMF sine retningslinjer med tanke på aldersgrense for skulekorps. Det betyr at øvre aldersgrense er det skuleåret ein fyller 19. Det kan søkjast om dispensasjon for inntil 2 musikantar over 19 år i 2. og 3. divisjon.

FOR ASPIRANTAR

Aspirantane er korpsa si framtid og vi ønskjer å gje dei yngste musikantane eit tilbod om undervisning på, og i samarbeid med Manger Folkehøgskule, medan korpsa spelar i Radøyhallen.

Målet er å øva inn eit par nummer som aspirantane skal framføre på festkonserten om kvelden. Tilbodet om aspirantundervisning gjeld berre korpsa som deltek på festivalen, og aspirantane skal meldast på via eige påmeldingskjema som de finn på mangerfestivalen.no

SOLISTKONKURRANSE

Mangerfestivalen arrangerar også solistkonkurranse for skulemusikantar. Meir informasjon om arrangementet kjem seinare. Nedre aldersgrense for solistar er 9 år (født 2017)

Solistkonkurransen har eit begrensa antal plassar, og er forbeholdt medlemmar i korpsa som deltek i mangerfestivalen.

Andre musikantar vert plassert på venteliste.

DELTAKARAVGIFT, Korps: 6000 kr

Dette inkluderar:

- Samspel for aspirantar, inntil 5 stykk
- Konkurransen
- Festkonsertbillett for musikantar og aspirantar
- Korps nr.2 frå same lag (t.d. juniorkorps), betalar 3000 kr i deltakaravgift

Tillegg:

- 6-15 aspirantar: 800 kr
- 16 eller fleire aspirantar: 1300 kr
- 400 kr per solist.

Konkurransbillett: 100 kr *

Festkonsert: 200 kr *

*(Deltakarar gratis)

**VELKOMMEN TIL
MANGERFESTIVALEN
21.11.2026**

**Hugs påmeldingsfrist for festivalen
20.09.2026**

**Påmeldingsfrist for solistkonkurranse
20.09.2026**

www.mangerfestivalen.no

